



REGULERINGSFØRESEGNER

Reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs rv650 frå Øvrebust til Moe.

Vedtatt 16.12.2009 (sak K 071/09)

§ 1 GENERELT

1. Etter at reguleringsføresegnene er vedtekne er det ikkje lov å inngå privatrettslege avtalar som er i strid med desse føresegnene.
2. Når særlege grunnar talar for det, kan planutvalet godta mindre vesentlege endringar av reguleringsplanen innafor ramma av plan- og bygningslova.
3. Innafor det trafikkarealet som er regulert til riksveg og gang-/sykkelveg kan mindre vesentlege endringar som følgje av tekniske forhold i gjennomføringsperioden gjerast av regionvegkontoret, jf. plan- og bygningslova § 28-1.

§ 2 REGULERINGSFØREMÅL

Det regulerte området er på reguleringskartet vist med reguleringsgrense.

Arealet innafor denne grensa er regulert til:

Offentleg trafikkområde:	- køyreveg - gang- og sykkelveg - anna veggrunn
Spesialområde:	- privat veg (avkøyning)
Fellesområde:	- felles avkøyning

§ 3 FELLES FØRESEGNER

1. Det er ikkje tillate å lage andre kryss eller avkøyrslar frå riksvegen enn dei som er vist på plankartet.
2. Avkøyrslar frå riksvegen skal byggast og drivast etter krava i Vegvesenet sine normalar og forskrifter til § 43 i veglova.
3. Reguleringsplanen viser ikkje byggegrense langs riksvegen. Byggegrensa er derfor fastlagt gjennom §29 i veglova og er 50 m frå midten av riksvegen.

§ 4 OFFENTLEG TRAFIKKOMRÅDE

1. I trafikkområda skal det byggast avkøyrslar, gang- og sykkelveg, vegskråningar, murar m.m. som vist på planen. Mellom gang- og sykkelvegen og bilvegen skal det på nokre parti setjast opp rekkverk.
2. Mellom pel 550 og pel 620 er gang- og sykkelvegen utvida og skal tene som tilkomstveg til gnr. 134 bnr. 4,5 og driftsveg til gnr. 134 bnr 3. Mellom pel 1250 og pel 1270 er gang- og sykkelvegen utvida og skal tene som tilkomstveg til gnr. 135 bnr. 3,4,5,8.
3. Gang- og sykkelveg skal ha ei breidde på 3,5 meter, av dette 3 meter asfaltert. Frå skulder riksveg til skulder gang- og sykkelveg skal vere 3 meter, men likevel 0,8 meter der vegane vert skilt med autovern.
4. Innafor frisktsonene må det ikkje vere sikthindrande gjenstandar som er høgare enn 0.5 meter over planum for tilstøytande køyrebane.
5. I regulert veggrunn er det ikkje lovleg med andre anlegg eller innretningar enn dei som er naudsynt for drift og vedlikehald av vegen.
6. Overvatn frå gang- og sykkelvegen skal fjernast gjennom naudsynte grøfter og stikkrenner på ein slik måte at det ikkje gjer skade.
7. Terrengingrep i samband med veganlegget skal skje mest mogleg skånsamt.

§ 5 SPESIALOMRÅDE

1. Dei nye driftsavkøyringane skal opparbeidast samstundes med bygging av gang- og sykkelvegen. Desse avkøyrslene kjem til erstatning for gamle som går ut.

§ 6 FELLESOMRÅDE

1. Dei nye felles avkøyrslene skal opparbeidast samstundes med bygging av gang- og sykkelvegen. Felles avkøyrslar gjer at ein får færre avkøyringar, og er for det meste komt til fordi ein vil unngå opning i autovern mellom køyreveg og gang-sykkelveg.

STORDAL, den _____

-ordførar-